



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 27.02.2018  
Vår ref: 17/03161-21  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Bjørnøya i Haram kommune. Tiltakshavar: Longva Maskin AS.**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** mail@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NOS376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon datert 6. oktober 2017 frå Longva Maskin AS, org. nr. 970 377 158.

### **1. Konsesjonen**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 6. oktober 2017 frå Longva Maskin AS, org. nr. 970 377 158. frå Longva Maskin AS, org. nr. 970 377 158, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av gneis i Bjørnøya på del av eigedomen gbnr. 180/2 og hele 180/2/1 i Haram kommune. Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 43 daa og går fram av kart med tittel «konsesjonsområde massetak Bjørnøya i Haram kommune», produsert ved DMF den 12. desember 2017.

Etter reguleringsplan «Fv. 659 Hp Massetak Bjørnøya» vedteken den 9. mars 2017, er området regulert til LNFR med anleggsområde som område føresegn.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.



Dersom Tiltakshavaren ønsker å gjøre vesentlige avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 620 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6.

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

Ein bergteknisk ansvarleg for uttaket, med dei nødvendige kvalifikasjonane, skal vere på plass innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket. DMF har registrert at tiltakshavaren har søkt om å få godkjend Ole Johnny Longva som bergteknisk ansvarleg for Bjørnøya. DMF vil vurdere søknaden fortløpande.

## **2.4. Andre vilkår**

- Den regulerte føremålsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.
- Dersom tiltakshavaren treng betre veg i uttaksområdet skal vegen ikkje leggjast mot nordsida. Dette for å ivareta den sårbare arten irsk myrklegg.
- Massane som skal tilførast ved avslutning av området må vere fri for framande organismar.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Bjørnøya i Haram kommune. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.



#### **4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Haram kommune, Møte og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, NVE Region Vest, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Statens vegvesen Region midt samt dei som framkjem av adresselista vedlagt høyringsbrevet og vedtaksbrevet.

Høyringsperioden var frå 21. desember 2017 til 1. februar 2018.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette :

##### Haram kommune:

Kommunen viser til at DMF ønskte ei uttale knytt til om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dei viser til at desse forholda er utgreidd i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området, og viser difor til planomtalen og sakspapira. Kommunen meiner at ut frå desse dokumenta er aktuelle tema tilstrekkeleg belyst. I tillegg visar kommunen til at tiltakshavaren har søkt om dispensasjon frå kulturminnelova og at søknaden ligg til behandling hos Møre og Romsdal fylkeskommune.

##### DMF sine kommentarar:

*DMF har tatt høyringsinnspelen til etterretning.*

##### NVE Region vest:

NVE hadde ingen merknader til høyring om driftskonsesjon for Bjørnøya.

##### DMF sine kommentarar:

*DMF har tatt høyringsinnspelen til etterretning.*

##### Statens vegvesen Region midt:

Statens vegvesen hadde ingen merknader i saka.

##### DMF sine kommentarar:

*DMF har tatt høyringsinnspelen til etterretning.*

##### Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til at massetaket grenser mot veg i nord-vest. På nordsida, inntil denne vegen, er det ifylgje Fylkesmannen registrert irsk myrklegg. Arten er oppført som sårbar på raudlista. Fylkesmannen meiner difor at det er viktig å unngå at vegen blir utvida på nordsida, dersom det skulle bli behov for betre veg i området. Vidare viser dei til at det må settast krav om at massane som skal tilførast ved avslutning av område, må vere fri for framande organismar jf. forskrift om fremmede organismer § 9. I tillegg peiker Fylkesmannen på at verksemda må overhalde krava i forureiningsforskrifta kap. 30.

##### DMF sine kommentarar:

*Når det gjeld Fylkesmannens merknader til at ein eventuell veg innafor uttaksområdet ikkje skalleggjast mot nordsida, viser DMF til at det er stilt vilkår om dette i punkt 2.4 i vedtaket. Vidare har DMF vald å sette vilkår om at «massane som skal tilførast ved*



*avslutning av området må vere fri for framande organismar». DMF har for øvrig teke høyringsinnspellet til etterretning.*

Felles høyringsinnspel frå 10 grunneigare på Bjørnøya:

Grunneigarane uttrykker innleiingsvis at dei er positive til næringsverksemd på Bjørnøya, under føresetnad at det drivast i tråd med gjeldande reguleringsplan. Dei har likevel merknader til søknaden, der dei meiner at tiltakshavaren søkjer å utvide dei føresegnene som kjem fram av reguleringsplanen. Desse punkta blir direkte sitert i det følgjande:

1. I søknaden hevdes det at «Lokalvegen forbi bruddet har liten trafikk. Det bor bare noen få personer på Bjørnøya». Dette er ikke riktig, og som premiss for vurderingen av søknaden om driftskonsesjon vil det gi helt feilaktige vurderinger. Det er ikke mange fastboende på Bjørnøya, men det er likevel en betydelig trafikk. Dette gjelder først og fremst trafikken til Sperre Sveis (som vi forstår inngir sin egen høyringsuttalelse), jevnlig trafikk til fritidsboliger, omfattende trafikk til Kystfortet (krigshistorisk minnesmerke og Stikk UT destinasjon) samt generell trafikk til turområder på øya, særlig i sommerhalvåret.
2. Vi bemerker også at trafikken på øya i området rundt steinbruddet allerede i dag hindres i sommerhalvåret av utegående kyr på vegene. Vi mener at det vil være behov for å regulere dette (med gjerde mot vegen) dersom driftskonsesjon innvilges.
3. Vi oppfatter at reguleringsplanen knytter driften av steinbruddet ene og alene til byggingen av Nordøyvegen, og at bruddet derfor skal avvikles samtidig med ferdigstillingen av Nordøyvegen, anslått til 2023. I søknaden står det i punkt 3.3 at formålet er «Uttak av fjellmasse (gneis) til vegbygging og opparbeiding av byggefelt. Plastringsstein til sjøfyllinger.» Vi mener dette er direkte i strid med reguleringsplanen, med den risiko at bruddet blir stående åpent på ubestemt tid. Vi har ikke noen innvendinger til at det utvinnes stein til andre formål enn Nordøyvegen i løpet av driftsperioden, men det må settes en absolutt tidsfrist for når bruddet skal være avviklet, f.eks 31. desember 2023.
4. Planene for gjenfylling er mindre konkrete enn det som er beskrevet i reguleringsplanen. Vi mener det må stilles et absolutt krav om full gjenfylling, og at dette må være gjort fortløpende så langt det lar seg gjøre for å unngå at det etablerer seg en «innsjø» i bruddområdet. Full gjenfylling (og reetablering av dyrka mark) bør det settes en absolutt tidsfrist for, f.eks 30. juni 2024.
5. Nattdrift bør ikke tillates. Dersom det skal tillates, må det være betinget av et krav om at det umiddelbart ved driftsstart tas støymålinger forskjellige steder på øya, og i særdeleshet hos nærmeste nabo Solveig Rønstad (bruddet er 225 meter fra hennes tomtegrense og 303 meter fra nærmeste hushjørne). Hvis målingene ikke gir tilfredsstillende resultater må nattdrift likevel forbys.
6. Vi kan ikke se at søknaden om driftskonsesjon eller reguleringsplanen omhandler tiltak for kontinuerlig veivedlikehold. Med så betydelige transporter av tung last over lang tid fra og til bruddet, vil det kreve vedlikehold og eventuelt oppgradering av vei og molo-forbindelsen til fastlandet. Dette må utredes og en eventuell driftskonsesjon må inneholde klare krav til tiltakshaver. Vår anbefaling er at molo-vegen forsterkes og utvides, helst med egen gangbane ettersom det er mange turgåere som går fra fastlandet og over til øya.
7. Det må stilles krav til tilfredsstillende inngjerding av bruddet, både mot landsiden og sjøsiden.



8. Det er i driftssøknaden antydnet behov for bolting av bakvegg på grunn av kort avstand til kommunevegen. Vi ber om at dette utredes på forhånd og at forebyggende tiltak beskrives i en eventuell konsesjon for å sikre at kommunevegen er i kjørbær stand til enhver tid.
9. Det er uklart for oss hvem som har det økonomiske ansvaret for at reguleringsplanens krav om umiddelbar og full tilbakefylling blir oppfylt. Vi ber om at det stilles krav til tiltakshaver, grunneier og/eller andre (Haram kommune eller Statens Veivesen) om betryggende økonomisk sikkerhet for at denne delen av konsesjonsvilkårene oppfylles, og til rett tid.

DMF sine kommentarar:

1. *DMF har tatt presiseringa frå naboane til etterretning, og tek dette med i den heilskaplege vurderinga av tiltaket.*
2. *Vi viser her til tiltakshavarens sikringsplikt etter minerallova § 49. Det er slik at den som vil utvinne mineralske ressursar har eit ansvar for å «iverksette og vedlikeholde sikringstiltak for hele området, slik at arbeidene ikke medfører fare for mennesker, husdyr eller tamrein». Dette betyr at tiltakshavaren har ei plikt til å sikre brotet tilstrekkeleg mot at eksempelvis beitedyr/kyr skal kome til skade ved at dei har fri tilgang til uttaksområdet. DMF minner difor tiltakshavar om sikringsplikta etter minerallova, og oppmodar om at det setjast opp tilstrekkeleg sikringsgjerde som skal halde beitedyr ute av brotområdet, særleg i sommarhalvåret.*
3. *Ifylgje reguleringsføresegnene punkt 4.1 sjette punkt skal driftsperioden for massetaket vere så lenge anleggsarbeida for Nordøyvegen pågår, og inntil 6 år frå anleggsstart. DMF forstår føresegnene slik at reguleringsplanen opner for drift i massetaket 6 år fram i tid. I med hald av minerallova § 5 erstattar ikkje tillatelse etter mineralloven, krav om tillatelse, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgivning. Dette betyr at så lenge reguleringsføresegnene set ei endeleg tidspunkt for når masseuttaket må vere avvikla, må tiltakshavaren etterleve dette. Ein driftskonsesjon erstattar ikkje føresegner gjeven i medhald av plan- og bygningsloven. DMF vurderar det difor ikkje som hensiktsmessig å sette et absolutt vilkår om avvikling av drift innan 31. desember 2023.*
4. *Reguleringsføresegnene legg føringar for korleis uttaksområdet skal avsluttast. Her nemnast mellom anna føresegnene punkt 2.6 og 4.1. Ifylgje reguleringsføresegnene skal området setjast i stand slik at det er i tråd med plankartet (L NRF). Det er lagt føringar på at området skal opparbeidast og arronderast på ein måte som sikrar god og naturleg overgang til eksisterande terreng. I dette ligg det at tiltakshavaren ikkje har anledning til å etablere innsjøar, eller unnlate istandsetting slik at det vil oppstå innsjøar, innafor brotområdet.*
5. *Også her viser DMF til reguleringsføresegnene punkt 4.1 siste punktmerke der det er gjeven tydelege føringar på at drift på natt ikkje er tillate. Unnataket for at det skal opnast for drift på natt er at tiltakshavaren må dokumentera i ytre miljøplan at krav til bygge- og anleggsverksemd i støyretningslinjene T-1442/2012 er innfridd. DMF viser også til forureiningforskrifta kap. 30 og nærmare føresegner om støy i forskrifta § 30-7.*
6. *I og med at vegen og moloen ut til Bjørnøya er kommunal veg (gbnr. 180/21) føreset DMF at tiltakshavaren og kommunen blir einige om eventuelt vedlikehald av vegen, samt moloen ut til øya.*



7. DMF viser her til sikringsplikta i medhald av minerallova § 49. Tiltakshavaren har et ansvar for å sikre hele brotområdet mot at arbeida utgjer ein fare for menneske, husdyr eller tamrein.
8. DMF viser til at tiltakshavaren har adressert problemstilling knytta til avstanden til den kommunale vegen med tanke på stabilitet og eventuelt behov for bolting i driftsplanen. I samband med dette viser DMF til at tiltakshavaren er forplikta etter minerallova § 49 å «iverksette og vedlikeholde sikringstiltak for hele området slik at arbeidene ikke medfører fare».
9. I medhald av minerallova § 51 kan DMF påleggje den som vil foreta eller har satt i gang undersøkingar eller drift på mineralske førekomstar å stille økonomisk sikkerheit for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak etter minerallova §§ 49 og 50. For meir informasjon om føresetnader for økonomisk sikkerheit som vil bli pålagt tiltakshavaren fram kjem av vedtaket punkt 5.11.

#### Sperre Sveis AS:

Sperre Sveis seier innleiingsvis i sitt høyringsinnspel at dei ikkje har merknader til sjølve masseuttaket eller planane for gjenfylling. Vidare viser Sperre Sveis AS til at Haram kommune må sikre at molo og vegen fram til steinbrotet er i slik stand at det tåler eit akseltrykk på 10 tonn. I tillegg poengterer Sperre Sveis AS at tiltakshavaren i samråd med kommunen må sikre naudsynt vedlikehald av molo og vegen fram til steinbrotet. Dei etterspør ein plan frå Haram kommune som gjer greie for kven som har ansvar for vedlikehald av molo og veg, samt korleis vedlikehaldet skal utførast i den perioden masseuttaket er i drift.

#### DMF sine kommentarar:

DMF viser her til at dei forholda som høyringsinstansen her peiker på er moment som tiltakshavaren bør avklare i samråd med kommunen. DMF oppmodar tiltakshavar sterkt om å ta kontakt med Haram kommune og leggje en plan for dei momenta som her påpeikast av høyringsinstansen.

#### Møre og Romsdal fylkeskommune:

Fylkeskommunen peiker på at det ble gjennomført arkeologisk registrering i samband med reguleringsplan for massetaket på Bjørnøya og at det da vert gjort funn av tre automatisk freda kulturminne. Desse har Riksantikvaren gjeve løyve til frigjeving under føresetnad at dei vart vidare utgraven av Universitetsmuseet i Bergen. Vidare viser Fylkesmannen til at tiltakshavaren ikkje har lov til å gjere inngrep innanfor planområdet før kulturminna er utgrave. Tiltakshavaren har fått godkjent unntak frå reguleringsføresegna, slik at dei kan ta ut massar innfor eit nærare avgrensa område som ikkje omfattar kulturminna. Universitetsmuseet i Bergen sine utgravingar er planlagt gjennomført vår/sommar 2018. Tiltakshavaren må bestille utgravinga/gjere avtale direkte med Universitetsmuseet i Bergen sjølv. Fylkesmannen understreker at det ikkje kan takast ut massar utanfor det avgrensa området før utgravingane av dei automatisk freda kulturminna er slutført.

#### DMF sine kommentarar:

DMF føreset at tiltakshavaren ikkje tek ut massar utanfor det område Riksantikvaren har gjeven lov til, før naudsynte undersøkingar er gjennomførte. Vi minner også tiltakshavaren om å gjere slik Fylkeskommunen seier om å gjere nærare avtale med Universitetsmuseet i Bergen når det gjeld bestilling av utgravingane.



## **5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrer kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gbnr. 180/2, datert 1. august 2016, som dokumentasjon for utvinningsrett. Festeegedommen gbnr. 180/2/1 ligg innafør gbnr. 180/2, og ut frå opplysningar frå Kartverket er det inga opplysningar om festeegedommen. Ein må difor sjå til informasjon på hovudeigedommen gbnr. 180/2. Vedlegg til avtalen av 1. august 2016 viser også til eit kart over eit avtaleområde, som også omfattar festeegedommen gbnr. 180/2/1.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

### **5.2 Arealmessig status for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 43 daa og går fram av kart med tittel «konsesjonsområde massetak Bjørnøya i Haram kommune», produsert ved DMF den 12. desember 2017.

Etter reguleringsplan «Fv. 659 Hp Massetak Bjørnøya» vedteken den 9. mars 2017, er området regulert til LNFR med anleggsområde som område føresegn.

### **5.3 Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra, samt den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifta som økonomisk skikka.



#### **5.4. Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 43 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 310 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 50 000 faste m<sup>3</sup>. Det er planlagt drift i 3 etappar. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til LNFR.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Bjørnøya godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

#### **5.5. Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

#### **5.6. Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomsten**



I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Johnny Magne Longva som bergteknisk ansvarleg for uttaket. DMF har ikkje tidlegare registrert denne personen som ansvarleg for uttaket i sitt register. Tiltakshavaren har såleis ikkje fått på plass ein bergteknisk ansvarleg for uttaket.

DMF tek inn som eit vilkår i konsesjonen at ein bergteknisk ansvarleg for uttaket, med dei nødvendige kvalifikasjonane, skal vere på plass innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket. Innan same dato skal Tiltakshavaren ha dokumentert at personen fyller dei nødvendige kvalifikasjonskrava. Dersom verksemda skal leige inn den ansvarlege, skal dokumentasjon på avtalen mellom Tiltakshavaren og den bergteknisk ansvarlege leggjast ved meldinga.

Elles har søkjaren opplyst at verksemda har denne tekniske og bergfaglege kompetansen i verksemda:

Dagleg leiar for verksemda har både fagbrev, samt sertifisering som bergsprengar/bergspreningsleiar. Tiltakshavaren opplyser også at han har 46 års ansiennitet. Verksemda har mellom anna to formenn som begge har fagbrev og 25 år ansiennitet, kor den eine også er opplyst å vere HMS-ansvarleg. Vidare har dei opplyst at dei har fire maskinførarar, med teknisk fagskule eller fagbrev og fleire års ansiennitet. I tillegg har tiltakshavaren informert om at ein av maksinførarane også er borar. Verksemda har også fleire medarbeidarar innafor transport, tilkallingssjåførar og lærlingar både innafor transport og anleggsmaskinførarfaget.

Etter DMF si vurdering vil Tiltakshavaren ha tilstrekkeleg kompetanse for å drive førekomsten når ein bergteknisk ansvarleg for uttaket med dei nødvendige kvalifikasjonane er på plass.

## **5.7. Dei miljømessige konsekvensane av utvinning**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne, og DMF kan setje vilkår i konsesjonsvedtak for å sikre kulturminne og miljøomsyn.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. Planskilddinga i reguleringsplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet.

### *Vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart gjennomførte i desember 2017 er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar



kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Førre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Det er registrert kystlynghei i nærleiken av masseuttaket. Ifylgje planomtala vil massetaket ikkje kome i konflikt med områda med kystlynghei. Vidare er det lagt til grunn i planomtala at masseuttaket ikkje vil verke negativt inn på eventuell beiting i området, samt at støvnedfall ikkje vil påverke vegetasjonen direkte.

Det kjem fram i planomtala at planområdet ligg om lag 430 meter unna Gamlemssundet fuglefredingsområde på det næraste. Ifylgje planomtala kan det ikkje utelukkast at anleggsstøy vil kunne forstyrre fuglelivet. Planomtala viser likevel til at erfaring tilseier at dyrelivet venner seg til slike forstyrningar på en grei måte. Det er heller ikkje venta at støy frå masseuttaket vil ha negative verknader på hekking innafor fuglefredingsområdet. Vidare er det vurdert i planomtala at sprenging i masseuttaket ikkje vil ha skremmeeffekt med tanke på fuglefredingsområdet.

Samla sett blei dei negative verknadene for naturmangfald vurdert å vere små og tolelege.

#### *Konsekvensar av tiltaket for kulturminner*

Kulturminne er handsama som eit eige tema i etterkant av utarbeiding av planskildringa. Ifylgje planskildringa blei det gjennomført arkeologiske registreringar innafor planområdet, hausten 2014. Det blei gjort tre funn av automatisk freda kulturminne. I brev frå Riksantikvaren datert 11. januar 2018 har dei gjeven aksept for at tiltakshavaren kan ta ut massar innafor et nærare avgrensa område som allereie er avtorva i nord/nordaust av bruddet. Tiltakshavaren har ulovleg fjerna store delar av eit av dei automatisk freda kulturminna. Det blei difor vurdert slik at det er naudsynt for Universitetsmuseet i Bergen å omarbeide prosjektplan for dei arkeologiske undersøkingane. Ifylgje Møre og Romsdal Fylkeskommune må tiltakshavaren sjølv ta initiativ til å bestille utgravingar frå Universitetsmuseet i Bergen.

DMF støttar seg til dei vurderingane som blei gjorde i samband med reguleringsplanarbeidet, og meiner at omsynet til kulturminne er sikra, så lenge tiltakshavaren gjer slik som Riksantikvaren har gjeven føringar om. DMF minner også om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

#### *Forureining*

##### Støy

Planomtala viser til at det vil bli mest aktivitet i masseuttaket i starten av anleggsperioden, når fyllingane skal etablerast og plastrast. Drifta i masseuttaket vil omfatte boring, sprenging, sortering, intern masseflytting og lasting av stein som skal borttransporterast. Det skal ikkje knusast eller siktast massar innafor uttaket. Massetaket skal, ifylgje planomtala, fyllast igjen med overskotsmassar frå tunnelane. Aktiviteten i brotet vil da vere avgrensa til tilkøyring og tipping, samt graving og planering.

##### Støv

Massane skal ikkje knusast innafor uttaksområdet. Støv som produserast innafor masseuttaket vil vere som ei fylgje av sortering og lasting av stein. Planomtala har vurdert at dette vil gje så lite støv, at det ikkje vil vere til sjenanse for omgjevnadene.



### *Avrenning*

Planomtala viser til at uttak av massar vil kunne føre til oppsamling av vatn inne i masseuttaket. Vatnet skal samlast opp med avskjerande grøfter. I det tilfelle at det vil bli naudsynt å pumpe vatn ut av masseuttaket, skal dette ifylgje planomtala skje via eit sedimenteringsbasseng. Det er nemnd at finmateriale og næringssalt frå sprengingane kan renne av til sjø. Dette er likevel vurdert ikkje å påverke forholda i eller langs sjøen i vesentleg grad. Ifylgje planomtala er det ikkje registrert sårbare marine ressursar i nærleiken.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast.

Ifylgje planomtala er Gamlemssundet fuglefredingsområde og utgjer saman med Lausund fuglefredingsområde eit større fuglefredingsområde (Løvsøyrevet fuglefredingsområde). I Lausund fuglefredingsområde vil verknaden av bygging av Nordøyvegen gjere seg tungt gjeldande. Gamlemssundet fuglefredingsområde vil kunne bli eit avlastingsområde i anleggsperioden. Planomtala har vurdert at påverknaden frå masseuttaket og anleggstrafikken vil vere så marginal, at det likevel er forsvarleg å ta ut massar slik planen legg opp til.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.8. Tilhøvet til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Planomtala viser til at området har vore nytta til masseuttak tidlegare. Terrenget skal vere såpass slakt at det vil vere godt egna til tilbakeføring til dyrka mark etter at uttaket er avslutta. Vidare vil tiltaket, ifylgje planomtala, ikkje ha negative konsekvensar for barn og unge sine interesser. Området skal sikrast under drift og tilbakeførast slik at det ikkje vil vere til fare for omgjevnadene.

Ifylgje både planomtala og driftsplan er det nokre få naboar som er fastbuande på Bjørnøya. Det er kome inn høyringsinnspel frå naboane på Bjørnøya, som har presisert det dei meiner er feilaktige opplysningar. «Det er ikke mange fastboende på Bjørnøya, men det er likevel en betydelig trafikk. Dette gjelder først og fremst trafikken til Sperre Sveis (som vi forstår inngir sin egen høringsuttalelse), jevnlig trafikk til fritidsboliger, omfattende trafikk til Kystfortet (krigshistorisk minnesmerke og Stikk UT destinasjon) samt generell trafikk til turområder på øya, særlig i sommerhalvåret.»

Det har også kome inn høyringsinnspel som peiker på trafikksituasjonen og belastning på trafikknettet ut til øya. Her er det særleg påpeikt med tanke på vedlikehald av vegen ut til øya samt moloen. DMF føreset at tiltakshavaren og kommunen blir einige om korleis vedlikehaldet av vegen og moloen skal gjennomførast. Det kjem også fram



av planomtala punkt 6.1 at det vil bli gjennomført naudsynte forbetringar av den kommunale vegen dersom den skulle bli skada av anleggstransporten.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.9. Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: Byggeråstoff.

Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg. Steinen som takast ut skal primært nyttast til plastring av sjøfyllingane på Lepsøyrevet jf. planomtala. Overskotsmassane, steinen som ikkje er stor nok til å nyttast som plastringsstein, vil bli nytta til å fylle igjen massetaket. Tiltakshavaren nemner at steinen også skal nyttast til vegbygging og opparbeiding av byggefelt.

Uttaket sysselset fleire tilsette og bidreg til å halde oppe sysselsetjinga i lokalsamfunnet. Drifta kan òg ha ein positiv verknad ved å gje opphav til eller sikre eksistensen til anna næringsverksemd, eller ved at råstoffet kan vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemd.

### **5.10. Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Området er planlagt tilbakeført til LNFR. Det kjem fram av planomtala at terrenget skal arronderast slik at det ikkje vil vere til fare for omgjevnadene. Ifylgje driftsplanen vil bakveggen i brotet på det høgaste vere 15 meter (12,5 meter unna den kommunale vegen). Skråninga ut frå kommunevegen skal leggjast til 1:2, høgda på skråninga vil vere avhengig av kor mykje massar som fyllast i masseuttaket vil vere avhengig av tilgangen på massar frå bygginga av Nordøyvegen. Skrot skal også fjernast.

Det fylgjer også av reguleringsføresegnene punkt 2.6 at området skal fyllast igjen med overskotsmassar etter prosjektet med Nordøyvegen, samt at avdekkingsmassar skal leggast ut og området etablerast med nytt vegetasjonsdekke.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11. Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren har ikkje kome med noko forslag verken til form eller storleik på den økonomiske sikkerheita.

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**



Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Det er ikkje tilfredsstillande at tiltakshavaren ikkje har foreslått sum eller form for den økonomiske sikkerheita.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 620 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på:

[kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords- eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarende uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader. (

#### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### *Bankgaranti–oppstartsfasen*

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når



beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 620 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 1,38 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på litt i overkant av 3 år, det vil seie NOK 193 750 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på om lag 140 398 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 1,38 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivas kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

## **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut



- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## 7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### Ansvarlet til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## 8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi



klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Maria Lauritzen  
seksjonsleder

Stine Borge Nordskog  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Stine Borge Nordskog

Vedlegg:

Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse\_Bjørnøya.docx  
Pantsettelseserklæring for enkle pengekrav\_Bjørnøya.docx  
Påkravsgaranti\_Bjørnøya.docx  
Godkjent\_Driftsplan\_Bjørnøya.pdf  
Konsesjonsområde\_Bjørnøya.pdf

Mottakarakar:

Longva Maskin AS

Storgata 29

6270 BRATTVÅG

Kopi til:

Adresseliste